



Kulturfestivalen på Husnes har noko å lokka med for alle aldersgrupper og i føremiddag kom turen til dei som går i klassane 1,2 og 3. Dei var inviterte til skuleframsyning i regi av Den kulturelle nistepakken. Framsyninga vart ein klår suksess, med stort og intenst engasjement frå dei unge si side.



Trioen Tore Kloster, Olav Veierød og Ingrid Eriksen Hagen hadde såvisst ikkje problem med å nå fram med budskapen sin.

Ein bortimot fullsett sal med elevar frå skulane Skarveland, Sunde, Valen, Undarheim, Tofte, Sætre, Bringedalsbygda og Uskedalen var ikkje berre tilhørarar - dei spela i høgste grad med då 'Kongen & Harlikin' vart vist.

På billettet øverst er trioen i aksjon medan eit knippe uskedelingar med lærarar er å sjå på billettet under.

(Foto: Ola Matti Mathisen)